



Rosendal vann 2 - 1 mot eit godt lag frå Eikelandsfjorden.

A-laget til Rosendal hadde i dag sin første heimekamp for sesongen, og laget ser ut til å halda fram den gode trenden dei hadde siste del av sesongen i fjor, etter at Håvard Sætrevik overtok trenaransvaret. Laget vann nemleg kampen mot Eikelandsfjorden 2 - 1. Hermund Døsland, Marius og Sondre Myklebust var dei 3 uskedelingane på laget i dag.

Det vert meldt at bortelaget var førande i banespel i første omgang som innheldt sjansar til begge lag, men ingen mål.

I 2.omgang kom Rosendal meir med i spelet. Det var også heimelaget som gjekk opp i leiinga då dei krangla inn det første målet ved Jan Evald Såtendal. Dette såg ut til å tenna Rosendal som etter kvart varta opp med fint samspel og spela seg til mange sjansar. Dei fekk flytta spelet lengre opp på banen, og i midten av omgangen heada Sondre Myklebust inn vinnarmålet etter at han vann ein duell med keeper.

På ein kontring vart ein av Eikelandsfjorden sine spelarar felt. Dermed vart det straffe som dei scora på, og dermed vart det 2 - 1. Det vart også sluttresultatet, og Rosendal kunne innkassera ein viktig siger mot eit godt lag frå Eikelandsfjorden.

Det vert elles meldt at alle dei 3 uskedelingane spela ein god kamp og var viktige på heimelaget.



[Sondre Myklebust utviklar seg stadig til ein betre spiss og målscorar.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto; Ragnvald Myklebust